



MØTEINNKALLING

Organ: FYLKESRÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Møtestad: Thon Hotel, Skei i Jølster

Møtedato: 16.09.2019

Tid: 10:00

Medlemene blir med dette innkalla til møte som nemnt ovafor. (Ev. forfall må meldast hit straks.)
Varamedlemer møter berre etter nærare varsel. Saksdokumenter er utlagde på *

SAKSLISTE

Desse sakene ligg føre:

Saksnr.	Arkivsaksnr. / Tittel
8/19	19/8484 Skriv og meldingar - Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne 16. september 2019
9/19	19/8490 Høyringsuttale frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - ny spesialistgodkjenning for sjukepleiarar
10/19	19/8504 Høyringsuttale frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - fjerne aldersavgrensing for BPA



FYLKESRÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Saksnr.: **Møtedato:** **Arkivsaksnr.:** **L.nr.:**
8/19 16.09.2019 19/8484 44620/19

Sakshandsamar: Frank Tore Farsund Tveit

Handsaming i organ	Møtedato	Saksnr.
Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne		16.09.2019 8/19

Skriv og meldingar - Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne 16. september 2019

Framlegg til vedtak:

1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande.
2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding, vert lagt under kvar meldesak.

Framlegg til vedtak:

1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande.
2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding, vert lagt under kvar meldesak.

Vedlegg:

Program Landskonferansen
Reglement for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune
Framlegg representantar SAFO

Meldesak 1) Landskonferansen i Trondheim.

25. og 26. september er det Landskonferanse for fylkeskommunale råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne. Fleire av rådets medlemmar er påmeldt.

Meldesak 2) Reglement for medverknadsorgan i Vestland fylkeskommune

I møte i fellesnemnda 18.06.19 vart det vedteke nytt reglement for medverknadsorgana i Vestland fylkeskommune. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne vil ha 9 medlemmer oppnemnde av fylkestinget. Fire av medlemmene skal vere fylkestingsrepresentantar, og fem medlemmer skal vert vald etter forslag frå organisasjonane. Per i dag er det kome inn framlegg til representantar frå SAFO.

Meldesak 3) Ymse



FYLKERÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Saksnr.: **Møtedato:** **Arkivsaksnr.:** **L.nr.:**
9/19 16.09.2019 19/8490 44638/19

Sakshandsamar: Frank Tore Farsund Tveit

Handsaming i organ	Møtedato	Saksnr.
Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne		16.09.2019 9/19

Høyringsuttale frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - ny spesialistgodkjenning for sjukepleiarar

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne skriv høyringsuttale i møte 16. september.

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne skriv høyringsuttale i møte 16. september.

Vedlegg:

Høyringsnotat

SAKSFRAMSTILLING

Helse- og omsorgsdepartementet har på høyring eit forslag til forskrift om spesialistgodkjenning for sjukepleiarar.

Departementet ynskjer å innføre offentlig spesialistgodkjenning for sjukepleiarar som gjennomfører den kommande masterutdanninga i klinisk allmennsjukepleie retta mot kommunale helse- og omsorgstenester.

Føremålet er å styrke kompetansen i kommunale helse- og omsorgstenester. Ved å gje sjukepleiarar med denne utdanninga spesialistgodkjenning, ynskjer departementet å signalisere at dette er ei viktig utdanning som helsemyndigheitene ynskjer at mange skal ta. Offentleg spesialistgodkjenning kan virke både rekrutterande og statushevande.

Samtidig leggas det til rette for at sjukepleiarar med denne utdanninga kan får ein utvida og definert rolle i tenesta i tråd med utdanninga. Det fordrar blant anna at leiarar i kommunale helse- og omsorgstenester ser moglegheiter for nye oppgåver og ny sjukepleiarfunksjon vet tilsetning av nemnde sjukepleiarar.

Masterutdanning i avansert klinisk allmennsjukepleie med tilhøyrande offentlig spesialistgodkjenning er eitt at Helse- og omsorgsdepartementets tiltak for å møte utfordringane dei kommunale helse- og omsorgstenestane står ovanfor dei kommande åra.

Frist for gje høyringsuttale er 1. oktober 2019.



FYLKERÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Saksnr.: **Møtedato:** **Arkivsaksnr.:** **L.nr.:**
10/19 16.09.2019 19/8504 44675/19

Sakshandsamar: Frank Tore Farsund Tveit

Handsaming i organ	Møtedato	Saksnr.
Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne		16.09.2019 10/19

Høringsuttale frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - fjerne aldersavgrensing for BPA

Fylkesrådet for menneske men nedsett funksjonsevne skriv høyringsuttale i møte 16. september.

Fylkesrådet for menneske men nedsett funksjonsevne skriv høyringsuttale i møte 16. september.

Vedlegg:

Høyringsnotat BPA

SAKSFRAMSTILLING

Helse- og omsorgsdepartementet har på høyring eit forslag om å fjerne den øvre aldersavgrensinga for rett til brukarstyrt personleg assistanse for personer som allereie før fylte 67 år har fått innvilja ordninga.

Departementet foreslår i vedlagte notat ei utviding av rettighetsbestemmelsen i pasient- og brukarrettighetslova § 2-1 om brukarstyrt personleg assistanse. Dette for å skape trygge og føreseielege rammer rundt tenestetilbodet til personar med store og langvarige behov.

Høyringsfristen er sett til 25. oktober 2019.